



Byglandsnytt nr. 44 – april 2023

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland tlf. 37934700,
post@bygland.kommune.no. www.bygland.kommune.no
Neste utgåve: 03. mai 2023. Send tips innan 28.04.

Opningstider Bygland kommunehus

- Sentralbord/**Publikumsmottaket**: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00 (også skjærtorsdag)

PÅSKA 2023

Kommunehuset og sentralbordet er stengt frå og med 03.04.23 til og med 05.04.23.

Etter påskehøgtida, frå og med 11.04.23, er det igjen vanlege opningstider.

For informasjon om opningstider på legekantoret, viser ein til informasjon frå Evje og Hornnes kommune (sjå nede).



God påske!

Evje og Bygland legesenter tlf. 37 40 79 00 - Legevakt tlf. 116 117

telefontider måndag – fredag 08.30 – 11.30 og 13.00 – 15.00

Bygland legekantor

Sentrum 18, 4745 Bygland

- I partallsuker: tysdag, onsdag og torsdag kl. 08.00 - 15.00.
- I oddetallsuker: tysdag og torsdag kl. 08.00 - 15.00

Evje legekantor

Ljosheimvegen 5, 4735 Evje

- mandag til fredag kl. 08.00 - 15.00.

PÅSKEVEKE

- måndag 3. april og tysdag 4. april: Ope som normalt på Evje. Stengt på Bygland.
- onsdag 5. april - måndag 10. april: Legesenteret er stengt.

Tannlegeklinikken i Bygland via Evje tannklinikk tlf. 37 93 01 95
Sentrum 18, 4745 Bygland, 2. etg. på kommunehuset

Folkebiblioteket i Bygland tlf. 945 22 025 - **OBS! Endra opningstider ut april!**

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	11.30 – 15.00	-
tysdag	-	10.00 – 14.15
torsdag	13.00 – 17.00	

Stengt i påskeferie 3. – 10. april

Politiske møte, sakspapir og protokollar

www.bygland.kommune.no/innsyn

- **Levekårsutvalet:** 24.04. kl. 09.00
- **Plan, miljø og ressursutvalet:** 25.04. kl. 09.00
- **Formannskapsmøte:** 26.04. kl. 09.00

Kunngjeringar

Områderegulering av Ose bygdesenter

Kommunestyret vedtok i møte 16.03.23, sak 22/23,områderegulering for Ose bygdesenter, planID 201601.

Dersom du er part eller på annan måte har rettsleg klageinteresse, har du høve til å klage på vedtaket jf. plan- og bygningslova

§§ 12-12 og 1-9 og forvaltningslova § 28.

Dersom du vil klage, må du gjere det innan **19.04.2023**. Klaga må bli sett fram skriftleg og vere grunngjeve og underteikna av klagaren. Klaga sender du til Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland eller til post@bygland.kommune.no .

Krav til erstatning etter plan- og bygningslova § 15-2 og krav om innløyising etter same lov § 15-3, må bli sett fram seinast tre år etter at reguleringsplanen er kunngjort.

På Bygland kommune si heimeside finn ein følgjande plandokument:

- Planomtale
- Planføresegner
- Arealplankart
- Saksframlegg med vedlegg



Ose sentrum. Fotograf: Malin Hegenscheidt

Sal av kommunen sine aksjar i Nesodden Industribygg AS

På bakgrunn av kommunestyrevedtak i sak 73/22 den 15.12.22, lyser kommunen ut sine aksjane i Nesodden industribygg AS for sal.

I kommunestyremøtet 15.12.22, sak 73/22 gjorde kommunestyret følgjande vedtak:

«Bygland kommune vedtek å leggje kommunen sin del av aksjane i eigedomsselskapet Nesodden Industribygg AS (som eig industribygget og tomta på Nesmoen 25) ut for sal. Kommunen eig 99,17 % av aksjane i selskapet, medan Tredal Eigedom AS eig resten. Val av kjøpar vert bestemt på bakgrunn av ei heilskapleg vurdering der pris, samt kjøparen sin forretningsplan og framtidige planar for utvikling av bygget og eigedomen rundt, er kriteria som vert vektta. Formannskapet vert gjeve fullmakt til å velge kva kjøpar som skal få kjøpe aksjane i eigedomsselskapet eller forkaste samtlege bod etter bodrunden er ferdig. Formannskapet vil også få fullmakt til å godkjenne kontrakten mellom kommunen og kjøpar av aksjane.»

På bakgrunn av dette lyser kommunen ut aksjane sine i Nesodden Industribygg AS for sal. Meir konkrete detaljar om kommunen sine rettigheitar i etterkant av eit eventuelt sal, vil bli konkretisert i ein kontrakt om sal.

Prosessen vil bli lagt opp som følgjer:

- 31. mars: Frist for innlevering av søknad om kjøp.
- 19. april: Kommunedirektøren anbefalar den kjøparen som har det beste konseptet og dei beste føresetnadane for å sørge for næringsaktivitet og arbeidsplassar i industribygget som selskapet eig, i ei sak som vert sendt til formannskapet for handsaming.
- 26. april: Formannskapet vedtek om kommune sine aksjar i Nesodden Industribygg AS skal seljast, og eventuelt til kven.

Om søknaden:

Interessentar vert bede om å sende ein søknad og kan bruke vedlagte forretningsplan som mal. Interessentane må og opplyse i søknaden om prisen dei vil betale for aksjane. Interessentar står fritt til å take bort dei delane av forretningsplanen som ikkje er relevante. Bedrifter som søker må kunne vise til solid finansiell berevne og ha ein plan på korleis dei skal



Nesodden Industribygg.
Fotograf: Bygland kommune

sørge for aktivitet og arbeidsplassar i bygget. Etablerte bedrifter må opplyse om følgjande i søknaden:

- Kort om bedrifta og kva den driv på med i dag.
- Talet på tilsette i dag, samt omsetning i 2022.
- Anslag på omsetning i 2023.
- Planar for framtidig utvikling av eigedomen, på kort og lang sikt. Om det føreligg planar om å tilsette fleire folk, bør dette blir opplyst om.
- Prisen bedrifta tilbyr for aksjane.

Søknadar med bod skal sendast til post@bygland.kommune.no.

Om driftskonsept og utvikling av eigedomen:

Kommunen skal leggje til rette for auke i arbeidsplassar, og for kommunen vil det viktigaste difor vere at interessenten kan dokumentere at han vil sørge for så mange fysiske arbeidsplassar som mogleg på eigedomen. Konseptet må og vere i tråd med gjeldande reguleringsplan for området, som seier følgjande:

«I området skal det førast opp bygningar for handverk og/eller industri med tilhøyrande anlegg.»

Om Nesodden Industribygg AS:

Selskapet eig ei tomt på om lag 17 dekar, og eit industribygg på 3050 m², der kontordelen utgjør 220 m² og industridelen utgjør 2830 m². Adressa er Nesmoen 25, 4745 Bygland, og heile eigedomen er regulert for industriverksemd. Bygget vart oppført i 1976, og bygd på 840 m² i 2007. Takhøgde er cirka 4,5 meter i den gamle delen og 7 meter i den «nye». Slik bygget står no, er det avgrensa moglegheiter for oppvarming, dette er noko kjøparen må sørge for sjølv. Bygget har sprinklaranlegg som avgrensar reell arbeidshøgde i den gamle delen til 2,90 meter. Bygget har eit relativt stort vedlikehaldsbehov, og mellom anna bør alle vindauga skiftast ut, ein lekkasje i taket må utbetrast og golva bør reparerast/rettast. Det bør og vurderast å bytte ut tekniske anlegg i bygget eller tilpasse dei til moderne drift. Bygget er også veldig stort og lite energieffektivt, som gjer at straumkostnadane er høge, med mindre kjøparen gjer ENØK-tiltak.

Kontaktpersonar:

- Sigbjørn Fossdal, ordførar Bygland kommune, tlf. 91 54 78 15
- John Sigridnes, kommunedirektør Bygland kommune, tlf. 99 09 46 63
- Knut Olav Forgard, styreleiar Nesodden Industribygg AS, tlf.41 66 83 08

Bygland kommune sine aktuelle kunngjeringar finn du her:

www.bygland.kommune.no/kunngjeringar.522076.nn.html

Ledige stillingar



Interkommunal kulturskulelærer i folkemusikk

- ei satsing på UNESCO Setesdal og den immaterielle kulturarva i Bygland, Valle og Bykle kommunar

I samband med satsinga på UNESCO Setesdal og den immaterielle kulturarva lyser vi ut stilling som kulturskulelærer i folkemusikk.

Dette er ei 3-årig interkommunal prosjektstilling, med mogelegheit for forlenging. Stillinga kan delast på to personar.

Søknadsfrist 09.04. , Webcruiter-ID 4633250668 , sjå fullstendig utlysing på www.valle.kommune.no

Arbeidsoppgåver

- Undervisning innan folkemusikk; hardingfele, munnharpe, kveding og folkedans
- Time- og gruppeundervisning i kulturskulane i Bygland, Valle og Bykle kommunar
- Kursverkemd og workshops
- Rekrutteringsarbeid i barnehage og barne- og ungdomskule
- Samarbeid med opplæringsprosjektet "Gorrlaus" i barnehage og skule
- Kulturformidling i kulturskule og barnehage/skule
- Vere synleg i lokalsamfunnet
- UKM - bidra til rekruttering og praktisk arbeid i forbindelse med arrangementet
- Samarbeid med det frivillige og andre aktuelle

Vi ønskjer primært at du er tilsett på heiltid, men stillinga kan delast på to personar. Oppstart seinast 01.08.23 - men gjerne før!

Om UNESCO Setesdal

I 2019 kom spel, dans og song (stev og stevjing) i dei tre øvre setesdalskommunane Bygland, Valle og Bykle på UNESCO si representative liste for immateriell kulturarv. Denne stillinga er ei satsing på UNESCO Setesdal.

Agder fylkeskommune oppretta i 2021 prosjektet Setesdalsfolk, med Annbjørg Lien som prosjekt-leiar. Også Setesdalsmuseet har immateriell kulturarv i sin portefølje. Gjennom opplæringsprosjektet Gorrlaus, eit samarbeid mellom kommunane og Setesdal Spelemannslag, får alle barn og unge opplæring i folkemusikk og -dans i barnehage og skule.

Kontaktinformasjon:

Torunn Charlotte Nyberg, leiar Kultur og fritid Valle kommune,
torunn.charlotte.nyberg@valle.kommune.no, tlf. 97061587

Bygland Kommune, Drift- og forvaltning:

Byggdriftar / Vaktmeister - 1 års vikariat, 100%

Søknadsfrist **24.04.2023**. Webcruiter-ID: 4642935102



Om stillinga

Bygland kommune har ein bygningsmasse på omlag 70 bygningar på ulike nivå når det gjeld drift, vedlikehald og investering. Dei mest avanserte og viktige bygga er Byglandsheimen, Bygland og Byglandsfjord oppvekstsenter og diverse tekniske anlegg som VA - bygg, idrettshallar og servicebygg av ulike slag.

Stillinga skal primært bidrage til arbeidsoppgåver relatert til drift, vedlikehald og utvikling av Byglandsheimen, men også andre kommunale bygg og eigedomar. Til stillinga ligg også ansvaret for å følgje opp bestillingar, utplassering og reperasjonar av tekniske hjelpemiddel i regi av hjelpemiddelsentralen og i samarbeid med ergoterapeut / helsepersonell.

Kontaktinformasjon

Kjell Øyvind Berg, Tenesteleiar Drift og forvaltning, tlf. 37934756

Informasjon om ledige stillingar i Bygland kommune finn du på heimesida www.bygland.kommune.no under meny punkt Ledige stillingar

Økonomi og administrasjon

Rekneskap 2022

Rekneskapen for 2022 viser eit mindreforbruk i høve budsjett på kr 3,4 mill. (avrunda). Denne summen vert sett av til ordinært disposisjonsfond, og anbefalinga vil vere at midla gjeng til auka pensjonsutgifter i framtida. Hovudårsakane til dette er at inntekter frå skatt og rammetilskot vart dryge 2 mill. høgare enn budsjettet, medan einingane samla sett hadde eit mindreforbruk i høve budsjett på nesten 1,4 mill. Ingen av einingane hadde store mindreforbruk, men her er det snakk om mindreforbruk på nokre få hundretusen per eining, som samla sett vert til eit så stort beløp som 1,4 mill.

Kommunen har i tillegg bruka av øyremerka midlar (tilskot og liknande som er sett av tidlegare år) i 2022, som gjer at netto driftsresultat «berre» vert på 2,1 mill., som svarar til 1,1 % av driftsinntektene. Tilsvarende tal er 2,5 % i gjennomsnitt samla for alle kommunane i Noreg. Kommunen har hatt høge inntekter i 2022 pga. ekstraordinære kraftinntekter, men og utgiftene har vore

høge, med høg lønsvekst, stigande rente og generelt høg prisvekst. I år med meir normalt nivå på kraftinntektene vil ikkje utgiftsnivået i 2022 vere for høgt.

Helse

Vurderer du å bli fosterheim?

Bufetat har behov for fleire fosterheimar til både barn og ungdom. Vil du vite meir om kva det inneber å vere fosterheim?



Har du et engasjement for barn og ungdom?

Vi trenger flere fosterhjem til både barn og ungdom. Vi ser etter deg som kan gi trygghet, omsorg og god oppfølging – i en kortere eller lengre periode.

Vil du vite mer om hva det innebærer å være fosterhjem? Ta kontakt med fosterhjemstjenesten i Region sør, på telefon: **466 18 018**.



Du kan også bli med på et uforpliktende informasjonsmøte. **Skann QR-koden** for å se når vårt neste møte er.





Drøyer du om å bli vernepleiar?

Hausten 2023 kan du ta ei **nett- og samlingsbasert** vernepleiarutdanning frå UiA.

Søknadsfrist: 15. april
Studiestad: Evje



Difor er vernepleiarar etterspurt i Agder

NAV estimerer ein mangel på om lag 1 100 personar i helse- og sosialtenesta i Agder. Hausten 2023 set Universitetet i Agder (UiA) opp desentralisert vernepleiarutdanning med studiestadar på Evje, i Lyngdal og i Risør/Tvedestrand. Dette blir gjort i håp om å dekkje noko av behovet for framtidig arbeidskraft i distrikta.

Innbyggjarar i Setesdal, Østre Agder, Lister, Lindesnes og Dalane kan søke om å ta vernepleiarutdanning i nærleiken av sin heimstad. Studiet har

same kvalitet som campusutdanninga, men eit distriktsvenleg alternativ skal gjere det enklare å kombinere studiane med jobb eller familieliv.

Einingsleiar Helse i Evje og Hornnes kommune, Sigmund Olav Syrtveit applauderer tilbodet.

- Det er heilt topp. Her kan du ta utdanning medan du arbeider deltid. I tillegg blir det lagt til betre til rette for dei med familie.

Han peiker vidare på at innbyggjarane ofte blir buande i regionen dei høyrer til i.

- Lokale menneske som tek deltidsutdanning i distrikta blir ofte verande i den jobben dei har. Det er bra både for arbeidsgjevarar, tilsette og brukarar, fordi det gjev kontinuitet. Slike desentraliserte utdanningstilbod er blant dei viktigaste tiltaka for å rekruttere folk til jobbar, seier Syrtveit.

Marianne Hovet Steig er studiekoordinator for distriktsvenleg vernepleiarutdanning ved UiA. Ho fortel at forskning peikar på to kjenneteikn på personar med høgare utdanning i distrikta:

- Anten kjem dei frå distrikta eller så kombinerer dei studiane med arbeid i distriktet. Ved å leggje til rette for distriktsvenleg utdanning og praksis i Agder-regionane, vil UiA kunne vere med å bidra til å auke utdanningsnivået. Det vil også vere viktig i eit folkehelse- og levekårsperspektiv å auke utdanningsnivået i samfunnet, seier ho.

Etterspurd kompetanse

I NAV si bedriftsundersøking frå 2022 blei det estimert ein mangel på 1 110 personar i helse og- sosialtenesta i Agder (<https://www.nav.no/no/lokalt/agder/statistikk-og-presse/bedriftsundersokelsen-i-agder-2022>). Syrtveit trur behovet for vernepleiarar vil auke i åra framover.

- Det ligg ute ledige stillingar som vernepleiar i Evje og Hornnes no, og eg trur jobbmoglegheitene vil bli fleire i åra som kjem.

Syrtveit er utdanna sjukepleiar Han fortel at vernepleiarane er flinke til å finne ressursane hos menneskjer og bygge på dei for å få heilskapen til å fungera.

- Medisinkompetanse er ein del av heilskapen. Om det hender ei endring i dei du følgjer opp, vil god medisinkompetanse ofte gjere at vernepleiarane vurderer om endringa til dømes skylder medisinar, miljømessige faktorar eller anna, seier han. Det er viktig å få med alle

moglege faktorar, og her ser vernepleiarar ofte heilskapen på ei anna måte enn oss sjukepleiarar.

Steig trekker fram dei mange valmoglegheitene som eit godt argument for å bli vernepleiar. Som vernepleiar kan du mellom anna jobbe innan barnevern, psykiatri, skule, rus, heimetenesta, arbeidsinkludering og fengsel, eller med menneskjer som har ei utviklingshemming.

Eit likeverdig utdanningstilbod

Marianne Hovet Steig fortel at distriktsvenleg vernepleie er viktig for UiA. Ein tett og god dialog med Østre Agder, Setesdal og Lister er difor viktig.

— I løpet av våren skal eg snakke med kontaktpersonane og nokon av studentane på dei andre distriktsvennlege utdanningane. Deira perspektiv på kva som er viktig når du er student utanfor campus er nyttige i førebuingane til den distriktsvennlege vernepleiarutdanninga.

Ho seier vidare at dei er opptekne av kvalitet og trivsel på vernepleiarutdanninga. Ifølge Studiebarometeret (https://www.studiebarometeret.no/no/student/studieprogram/1171_bacvpl/) er vernepleiarutdanninga ved UiA blant dei beste i landet.

Fokus på studenttrivsel og god kvalitet på utdanninga vil vi vidareføre til det distriktsvennlege kullet.

Korleis vil studiet bli gjennomført?

Studiekoordinatoren forventar at studentane er aktive og deltakande i si eiga utdanning.

– Ein fagleg dyktig vernepleiar let seg utfordre på kunnskapar, ferdigheiter og haldningar. Kompetanse utviklar ein ikkje åleine, men saman med medstudentar og faglærarar. Vi forventar difor at studentane førebur seg og er til stades på samlingane.

Til gjengjeld skal studentane kunne forvente engasjerte og dyktige faglærarar som er opptekne av å formidle fag, og levere utdanning i tråd med studieplanen. Steig seier at dei har fokus på variert undervisning og læringsformer.

Faktaboks

Vernepleiarutdanning er det tredje utdanningstilbodet ved UiA som har fått eit distriktsvennleg alternativ.

Tilbodet er utvikla i samarbeid mellom Universitetet i Agder, Lister Kompetanse, Østre Agder Interkommunalt Politiske Råd (IPR) og Setesdal IPR.

I Setesdal må søkerar ha bustadadresse i Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes, Åseral, eller Iveland for å kunne søke om plass på distriktsvennleg vernepleiarutdanning. I tillegg vil innbyggjarar med postnummer 4720 og 4721 (Hægeland) og 4715 (Øvrebø) kunne søke.

Utdanninga er nett- og samlingsbasert. Samlingane vil i år hovudsakeleg gå føre seg på Evje, i Lyngdal, og enten i Tvedestrand eller Risør.

Studiet er modulbasert, det vil sei at det er eksamenar etter kvart emne, fordelt utover semesteret.

Studentane har tre praksisperiodar i løpet av studietida fordelt på 30 veker. Praksisen er på fulltid og studentane må rekne med å få både dag- og kveldsvakter.

Fristen for å søke er **15. april**.

For meir informasjon om utdanninga, sjå www.uia.no/distriktsvennlig-vernepleie

Hørselskontakt-tenesta i Bygland kommune

Hørselskontakt er Anne Marie Ingebretsen. De finn hørselskontakten på Byglandsheimen måndager i oddetalsuker frå kl. 8.00 til kl. 15.00.

Ta kontakt på tlf. 95704555 for å gjere avtale eller viss det er noko anna du lurar på ang. høreapparater, hørselshjelpemidler e.l.

LMT Setesdal: Audiograf (hørsel)

Tilbod til dei som har hørsels relaterte utfordringar, pårøyrande og helsepersonell.

Interkommunal audiograf og hørsels kontaktane i kommunesamarbeidet; Evje og Hornnes, Bygland, Åseral, Valle og Bykle har

oppretta eit hørsels team som har som føremål å tilby innbyggjarar saumlaus hørsels hjelp av god kvalitet. Teamet har gjennomfører



LMT SETESDAL
LOKALMEDISINSKE
TJENESTER

Setesdalssamarbeid

Bykle, Valle, Bygland,
Evje og Hornnes og Åseral

kartlegging og tilrettelegging hos innbyggjarar med høyrelsesutfordringar i heimen og utviklar dessutan høyrselsomsorgen i kommunane.

Timebestilling til audiograf, inngang Evje Legesenter

- Høyreapparat kontrollar og hørsels testar
- Nye brukarar blir tilvist til utgreiing på Hørselsentralen fyrste gongen
- Timebestilte avtaler følgjer frikort og vil ha ein eigenandel på 375 kr. Pr. konsultasjon

Bestill time via Hørselsentralen i Arendal i tidsrommet 09.30-11.30 på

tlf. 37 01 45 40

Drop-in / 10 minuttars service hos audiografen, inngang Evje Legevakt

Torsdagar frå kl. 15:00 – 16:00

På drop-in / service kan audiografen hjelpe deg med:

Gratis for innbyggjarar i setesdalsamarbeidet, men kostnader (materiell+porto) kan tilkomma

- Sende inn høyreapparat til reparasjon til leverandør
- Ta avstøyping til nye proppar (høgreapparata, symjing, jakt)
- Skifte nokre delar på høyreapparata
- Hjelpe til med slangebyte
- Tilbakestille høyreapparatet til opprinnelege innstillingar etter at det har vore til reparasjon
- Fjerninga pipelyd og skrapelydar i høyreapparat
- Kople til app og mobil
- Ladeutfordringar

Innbyggjarar frå andre kommunar; kr 250 i oppmøteavgift som ikkje følgjer frikort + andre kostnader.

På drop-in / service kan audiografen IKKJE hjelpe deg med:

- Høyrelsetestar
- Justering av høyreapparata
- Tilkopling av diverse utstyr/tilbehør til høyreapparatar

Kommunebesøk - Interkommunal Audiograf besøkjer kommunane og tilbyr servicetimar og kurs, og samarbeider med hørsels kontaktar og annan helsepersonell desse datoane: **Bygland: 31.03. og 28.04.**

**Dersom du har behov for møte med audiografen på desse datoane må du melde frå til høyrrels kontakten i din kommune.*

Les meir på nettet: www.e-h.kommune.no/audiograf-hoeyrsel.404204.no.html

Hukommelsesteamet i Setesdal

Ved hukommelsesproblem eller mistanke om demens, kontakt Hukommelsesteamet i Setesdal:

Koordinator

Signe Telhaug, Telefon: 945 20 970, E-post: signe.telhaug@e-h.kommune.no

Besøksadresse

LMT Setesdal, Sentrumsbygget, 4735 Evje

Postadresse

LMT Setesdal - Evje og Hornnes kommune, Kasernevegen 19, 4735 Evje

I samarbeid med fastlegane gjennomfører vi kartlegging med sikte på å utrede heimebuande pasientar. Tilvisning til Hukommelsesteamet kan komme frå pårørande, heimetenesta, spesialisthelsetenesta, fastlegane eller personen sjølv.

Hukommelsesteamet har to oppgåver

- Utredning av heimebuande personar som har problem med hukommelse eller om ein mistenker demens.
- Drifte pårørandeskular for pårørande til personar med hukommelsesproblem og demens.

Hukommelsesteamet

- Koordinator Signe Telhaug (Evje og Hornnes)
- Sjukepleiar Bjørn Harald Hagen (Evje og Hornnes)
- Arbeidsterapeut Margit Smedsland (Bygland)
- Kommunelege Hallvard Mosdøl (Valle)
- Sjukepleiar Gerd Torhild Helle Aakhus (Valle)
- Sjukepleiar Annette Trydal (Bykle)
- Kommunelege Sven Andreas Haraldstad (Åseral)
- Omsorgsarbeidar Allis Austegard (Åseral)

Dei som Hukommelsesteamet kjem i kontakt med, har til felles at det har skjedd ei mental endring. Hukommelsesproblem er ofte ein del av biletet. Årsakane kan vere fleire og samansette. Det treng ikkje vere

demenssjukdom. Problema det skaper i kvardagen kan vere ulike; som depresjon, sorg, ekstraordinære påkjenningar, psykisk sjukdom, forvirringstilstander og fysisk sjukdom.

Ei kartlegging av Hukommelsesteamet kan bidra til å utelukke eller konstatere ei eller fleire av nevnte tilstander.

Tilbod om pårørandeskule

Pårørandeskulen er eit gratis kurstilbod til deg som har eit familiemedlem eller ein nær ven som har hukommelsesproblem eller ein kjend demenssjukdom.

Gjennom faglege forelesningar vil du som pårørande få kunnskap om demens og innsikt i kva for følger sjukdommen kan ha for personen med demens, deg som pårørande og øvrig familie. På kurset treff du andre pårørande i samme situasjon og fagpersonar med kompetanse innan området.

Pårørandeskulen 2023 er planlagd å vere 10., 17., 24. og 31. oktober kl. 18:00 - 21:00.

Ta gjerne kontakt med koordinator i Hukommelsesteamet om du ønsker å delta på Pårørandeskulen.

Byglandsheimen

Open dag på Byglandsheimen onsdagar kl. 11.00 -14.00. **(IKKJE 5. APRIL)**

Programansvarleg: Margit Smedsland, tlf. 90 22 55 03

- kl.11.15 - Stoltrim- tøy og bøøy
- ca. kl.12.00 – Tema-prating, Vi ser ein filmsnutt eller les ei tekst og pratar rundt dette.
- ca. kl.12.45- Bingo

Det vil bli servert kaffe.

Drift og forvaltning

Flaumsonekartlegging i Otra

Kommunestyret i Bygland vedtok i møte 9.2.23, sak 9/23 at Norconsult AS si flaumsonekartlegging datert 15.11.22 skal leggest til grunn ved sakshandsaming av plansaker og byggesaker i Bygland.



På Bygland kommune si heimesida finn du ein oversikt over prosjektet:

- Flaumkartlegging langs Åraksfjorden og Byglandsfjorden
- Oversiktskart
- Infrastruktur i vassdraget
- Damteikningar
- Frekvenskurver
- Batymetrioppmåling
- Vedtak Flaumsonekartlegging

Kyrkjene i Bygland

Kyrkjekontoret i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd
Sentrum 18, 4745 Bygland

Kontakt

Sokneprest:

Kjell Steinbru: 473 28 472

Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711

Prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173



Andaktar på Byglandsheimen i april

- tysdag 04.04. kl. 14.00
- tysdag 18.04. kl. 14.00



Gudstenester (med atterhald)

- søndag 02.04. kl. 12.00, Friluftsgudsteneste, Hovatn ved Åraksbø. v/ Kjell Steinbru



Friluftsgudsteneste ved Hovatn

Nyttig informasjon:

Scooterløyve er innhenta.

Desse trasear kan du nytte:

1. Frå Haugetveit følgjer ein skogsbilveg opp til Hovassdammen
2. Frå Austad følgjer ein skogsbilveg inn til Hovatn, deretter køyrer ein over, eller rundt Hovatn til Hovassdammen, dersom isen er utrygg. Du må taka omsyn til viltet under transporten. Det er ein føresetnad at ein nyttar så få skuterar som mogleg, at skuterane køyrer mest mogleg samla, og at dei eksisterande skuterløypene vert nytta til transporten. Følg med på kyrkja si heimeside (bygland.kyrkelyd.no) og Facebook-side.

• PÅSKE 2023:

- fredag 07.04. kl. 19.00,
Langfredagsgudsteneste i Sandnes kyrkje, Åraksbø. v/ Kristina Grundetjern
- søndag 09.04. kl. 16.00,
Høgtidsgudsteneste i Bygland kyrkje. v/ Frode Eikrem

- søndag 23.04. kl. 14.00 Årdal kyrkje, Grendi. v/ Frode Eikrem.

Organist: Knut Olav Upstad

Orientering om den nye ordninga for gudstenesta

I samband med kyrkjerådet sitt vedtak om justering av gudstenesteordninga som fann stad i 2020, skulle det bli informert om dette på eit soknemøte. Pandemien gjorde dette vanskeleg. Difor tok Kyrkjerådet ein gjennomgang av den justerte ordninga på årsmøtet den 12. mars 2023 på grendehuset i Åraksbø.

Kyrkjerådet har gjeve ut mykje stoff om justeringa og anna stoff om gudstenesta som ein kan lese på kyrkjelyden si heimeside:

bygland.kyrkelyd.no

Stenging av Austad kyrkje Tveit - Økonomi og status Bygland kyrkjelege fellesråd

De siste 15 åra er antal faste årsverk redusert med 30 prosent. Kyrkjevevja har redusert si stilling frå 50 til 40 prosent, og organistens stillingsprosent frå 50 prosent til rundt 30 prosent.

Dette gjer at Bygland kyrkjelege fellesråd har den lågaste administrasjonsressursen av alle kyrkjekontor i Otredal prosti.

For nokre år sia overtok kyrkjevevja sjølv rekneskapsføringa som kommunen tidlegare hadde hatt, og dette tilførte fellesrådet kr. 50.000,- ekstra per år. Alt som dette har gjeve av meirinntekter og besparingar, har gått rett inn i vedlikehald av kyrkjene, og dei siste 15 år er det gjennomført



Sandnes kyrkje, Åraksbø.
Fotograf: S. Hegenscheidt



Austad kyrkje. Bilete: Bygland kyrkjelege fellesråd

investeringar og vedlikehald av kyrkjene på i underkant av kr. 4,2 millionar + moms.

Og Austad kyrkje Tveit har i hovudsak følgd planlagt vedlikehaldsprogram fram til no.

Men dei 4 siste åra har kommunen ikkje aukt driftstilskotet til Bygland kyrkjelege fellesråd, og no merkar ein dette for fullt, sia det i same periode har vore ein løns- og prisvekst på rundt 15 prosent.

Difor gjekk rekneskapen til Bygland kyrkjelege fellesråd i 2022 med eit stort underskot.

Dette kan ikkje fortsetje.

I samband med budsjetthandsaminga for 2023 gjorde soknerådet difor følgjande einstemmige vedtak:

Vedlagte budsjettframlegg slik det gjeng fram av kolonne "Budsjett 2023" vert fastsett som Fellesrådets driftsbudsjett for 2023, under føresetnad av ei auke i det kommunale tilskotet frå 2022 til 2023 på kr. 155.000,-

Vert ikkje det kommunale tilskotet auka i tråd med dette, må Bygland kyrkjelege fellesråd vurderer å stenga dei kyrkjene som er minst i bruk.

Til trass for dette vart driftstilskotet frå kommunen ikkje auka i det heile tatt.

Samstundes hadde Evje Elektriske sin årlege el-kontroll av kyrkjene i Bygland, og då kom det følgjande rapport om Austad kyrkje, Tveit:

Når det gjelder Austad kirke har jeg lenge antydnet at der bør gjøres noe «drastisk».

Jeg har bl.a. sagt at ovner ikke bør brukes uten oppsyn.

Min anbefaling nå er faktisk så drastisk at jeg vil si at i løpet av et år bør anlegget fornyes eller strømmen kuttes.

Dersom dere allerede ser at det ikke lar seg gjøre vil jeg anbefale å kutte strømmen før den tid også.

På bakgrunn av budsjett-situasjonen, og nemnde rapport for Austad kyrkje Tveit, gjorde soknerådet følgjande vedtak i sitt møte 16.01.2023:

Grunna budsjett-situasjonen og tilråding frå elektrikar om å stenge Austad kyrkje Tveit grunna tilstanden på det elektriske anlegget, vert kyrkja stengd inntil vidare, men med åpning for å gjennomføre planlagt konfirmasjon til våren. Ein innkaller til folkemøte tysdag 7.3.kl.18.00 på

Ose Grendehus for ei orientering/drøfting av framtida for Austad kyrkje Tveit.

Folkemøtet vart gjennomført, oppmøtet var godt og engasjementet stort. Likevel ser ein ingen anna utveg enn å oppretthalda vedtaket om stenging av Austad kyrkje Tveit.

Det som likevel er viktig å få fram er at kyrkjegarden på Tveit ikkje er stengd. Gravferder skal me framleis ha der. Men ein må ha sjølve seremonien i eit anna lokale. Den kan ein ha i ei anna kyrkje, eller til dømes i Ose Grendehus.

Samstundes skal Bygland kommune ha ros for kvaliteten på dei tenestene dei utfører for kyrkja i Bygland - knytt til drift av kyrkjegardar, bistand ved gravferder, og mykje anna praktisk hjelp på ulike område.

Men skal drifta av alle kyrkjene oppretthaldast må løyvingane aukast. Dette er den utfordringa me no står ovanfor.

Olav Nilsen

kyrkjeverje Bygland

Bygland Frivilligsentral

KONTAKT: *Anne Fauske / Bygland frivilligsentral*,
Sentrum 18, 4745 Bygland. tlf.: 945 10 770, e-post:
post@bygland.frivilligsentral.no
Info: bygland.frivilligsentral.no og på Facebook



Opne aktivitetar:

- BUA Bygland (tidlegare Utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka
- Besøksven for eldre

Andre aktivitetar:

- Seniorsenter: annankvar måndag i oddetalsvekar, kl. 11.00 – 14.00, Pakkbua på Byglandsfjord (24.04.)
- Bingo: annakvar tysdag kveld kl. 18.00 – 20.00, Bygland frivilligsentral (11. og 25.04.)
- Bygdemiddag: annankvar tysdag kl. 16.30 – 18.00 (18.4.)
- Open dag på Byglandsheimen: onsdagar kl. 11.00-14.00 (ikkje 05.04.)
- Styrketrening: torsdagar kl. 13.00-14.30, Byglandshallen (ikkje 06.04.)

- Strikkekafé: 1. og 3. torsdag, kl. 18.00 – 20.00 (OBS! Endra dagar i april, følg med på Bygland frivilligsentral si Facebook-side.)
- Språkkafé: annankvar tysdag (i oddetalsveker) kl. 12.00 – 13.00, Bygland frivilligsentral (11. og 25.04.)
- Tysdagskafé: annankvar tysdag kl. 12.00 – 14.00 (04. og 18.04.)
- Onsdagsklubben i Årdalshallen for 5.-7. klasse: annankvar onsdag (i partalsveker) kl. 19.00 – 20.30 (19.04.)

Bygland ungdomsklubb (ikkje i skuleferien eller høgtider)

mån: 18.30-20.00, 5-7 klasse, Byglandshallen

mån: 20.00-22.00, 6-10 klasse, Byglandshallen

ons: 19.00-22.00, 6-10 klasse, Byglandshallen



Klubbkvelder 1 gång/månad.

fre: 18.00 - 21.00, 5 -7 klasse, Årdalshallen.

lau: 19.00 - 23.00, 6 klasse – VGS, Byglandshallen

OBS! Følg med på Bygland Ungdomsklubb si Facebook-gruppe for april!

Tømekalender for Bygland kommune – april 2022

- *Mataavfall og restavfall*: veke 13: fredag 31.03.
- *Papir og plast*: veke 16: tysdag 18.04.
- *Mataavfall og glass/metall*: veke 16: torsdag 20.04.

Gjenvinningsstasjoner

Nesmoen, Bygland: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (12.04.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (22.04.)

Syrtevit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 44:

Bilete: Framside: Livets tre av Frank Egil Reise.

Innhald (m. m. anna er spesifisert): pixabay.com, S.

Hegenscheidt, Anne Fauske. Kva skjer: Kjersti Plathe.

Takk til alle fotografer!

Redaksjon: Susanne Hegenscheidt. Korrektur: Mari Rygg. Byglandsnytt mai 2023: 03.05., skrivefrist 28.04.



KINO PÅ BYGLAND KULTURSCENE

Bygdekinoen - onsdag 19. april

kl. 17.30: Super Mario Bros. – Filmen

OMTALE

Den etterlengta Illumination-filmatiseringa av Super Mario Bros. er her! Naviger gjennom Soppriket med Mario, Prinsesse Peach og Toad, på leiting etter Luigi, som har vorte bortført av den vonde Koopa-kongen Bowser. Fansen vil kjenna igjen ikoniske element frå retro-spillene frå 80- og 90-talet, og dessutan meir moderne materiale frå Mario Kart.

BILLETTPRIS 110 kr

FILMFAKTA

Regi: Aaron Horvath, Michael Jelenic. Skodespelarar: Chris Pratt, Anya Taylor-Joy, Charlie Day, Jack Black, Keegan-Michael Key, Seth Rogen, Fred Armisen. Produksjonsår: 2023. Sjanger: Animasjon. Nasjonalitet: USA. Lengde: 1t. 32min. Aldersgrense: 6 år.



Kl. 19.30: Dungeons & Dragons: Honor Among Thieves

OMTALE

Ein sjarmerande tjuv og ein gjeng tvilsomme eventyrare gjennomfører eit episk ran for å hente ein tapt relikvie. Ting går likevel veldig galt når dei kjem på kant med feil folk. «Dungeons & Dragons: Honor Among Thieves» er eit morosamt og actionfylt eventyr basert på den rike verda og den leikande ånden til det legendariske rollespelet.

BILLETTPRIS: 130 kr

FILMFAKTA

Regi: Jonathan Goldstein & John Francis Daley. Språk: Engelsk. Produksjonsår: 2022. Skodespillere: Chris Pine, Michelle Rodriguez, Regé-Jean Page, Justice Smith, Sophia Lillis, Chloe Coleman, Daisy Head, Hugh Grant. Sjanger: Action /Eventyr /Fantasy. Nasjonalitet: USA. Lengde: 2t. 14min. Alder: 12 år.



Bygland filmklubb – søndag 23. april

kl. 19.00: SOME LIKE IT HOT (1959)
Marilyn Monroe, Tony Curtis, Jack Lemmon

Alder: 15 år



YMSE

BYGLAND TURISTKONTOR på
Stoga kulturkafé Presteneset 10,
4745 Bygland: søndagar kl. 12.30
– 18.30, kaffe & meir, tlf. 907
81 105



Bilete: Olav Grendstad

STOGA:

BTW - Bygland teater workshop for unge.
Kvar torsdag kl. 15.00 – 17.30. Stoga.
Instruktører: Olav Grendstad, Astrid Carlsen
og Karna Emblemsvåg. Eit samarbeide med
Bygland kommune.



**Konsert med Vokalist Torhild Ostad og
fløytist Silje Hegg** 15. april , kl. 19.00

Ei stemme og ei fløyte. Repertoaret spenner
frå religiøse folketonar og Torhilds
nyskrivne tekster og melodiar, til
tradisjonelle visetonar og slåttar på
seljefløyte og sjøfløyte.

Arrangør: Setesdal Spelemannslag.
Vertskap: Stoga



BJOREN BRYGGE/BRYGGA

på Presteneset på Bygland
Kompetorsdag kvar torsdag frå og med kl.
13.00. Bestilling hos Nina, tlf. 932 62 168



KONG HANES EFTF. Korøving kvar onsdag kl. 19.30, musikkrommet på Bygland skule.



BYGLANDSFJORD BARNEKOR – Sommeravslutning 24. april, kl. 17.00, Fredheim bedehus, Byglandsfjord



Velkommen til
Sommeravslutning!

Mandag 24.april inviterer vi til sommeravslutning for barnekoret. Det blir en hyggelig samling med servering av varm mat, sang av koret, andakt, lek og moro!
Ta gjerne med foreldre, søsken, besteforeldre og de du måtte ønske til en trivelig ettermiddag på Fredheim bedehus!

 **BYGLANDSFJORD Barnekor**

Mandag 24.april
Kl.17.00 – ca. 18.30
på Fredheim Bedehus

Alt er gratis!
Velkommen!

BYGLAND HORN MUSIKK Musikkøving kvar tysdag kl. 18.00, Bygland kulturscene.




FAMILIEBADING symjehallen på Bygland
(siste veke før sommarpausen: veke 14)
tysdagar kl. 17.00 – 20.00
fredagar kl. 17.00 – 20.00
Damesymjng: tysdagar 20.00 – 22.00



BADMINTON i Byglandshallen - torsdagar kl. 19.00 – 20.30. Instruktørar: Astrid og Steinar Carlsen / Bygland IL

BOKKAFÉ på biblioteket på Byglandsfjord – tysdagar kl. 12.00

Nytt årsskrift i handelen:



**Evje: Norli, Databutikken. Bygland: Joker, Matkroken, Coop Ose.
Rysstad: Coop, Museet. Valle: Joker, Coop, Husfliden.
Bykle: Coop, YX. Hovden: Turistkontoret, m.fl.
Eller kontakt setesdal.sogelag@gmail.com eller nokon i styret.**

NYTT FRÅ BYGLAND OPPVEKSTSENTER

Munnharpekurs med Eivind Tanche-Larsen Knutsen

I veke 10 og 11 har 5. - 10. klasse ved Bygland skule hatt munnharpekurs med Eivind Tanche-Larsen Knutsen. Dei har lært å spele både «Sordølen» og «Fiskaren». Kvar klasse har hatt to fine og lærerike økter med ein flink og engasjert instruktør.



Foto. Bjørg Maren Lauvdal



KVA SKJER I BYGLAND?

April 2023

(med atterhald om endringar)

GOD PÅSKE

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT
sundag 02.04.	Hovatn ved Åraksbø	12.00	Friluftsgudsteneste
tysdag 04.04.	Byglandsheimen	14.00	Andakt
PÅSKE fredag 07.04.	Sandnes kyrkje, Åraksbø	19.00	Langfredagsgudsteneste
sundag 09.04.	Bygland kyrkje	16.00	Høgtidsgudsteneste
onsdag 12.04.	Byglandsheimen	11-14	Open dag
laurdag 15.04.	Setesdal Spele- mannslag. Stoga	19.00	Konsert: Seljesongen. Torhild Ostad og Silje Hegg
tysdag 18.04.	Byglandsheimen	14.00	Andakt
onsdag 19.04.	Byglandsheimen Bygdekinoen, Bygland kulturscene	11-14	Open dag
		17.30	Super Mario Bros! (6 år)
		19.30	Dungeons&Dragons: Honor Among Thieves (12 år)
sundag 23.04.	Årdal kyrkje	14.00	Gudsteneste
	Bygland Filmklubb, Bygland kulturscene	19.00	Film: Some like it hot (1959, 15 år)
måndag 24.04.	Byglandsfjord Barnekor, Fredheim bedehus	17.00 - 18.30	Sommaravslutning med familie

Aktiviteter til Bygland frivilligsentralen: sjå s. 18-19

Bygland Ungdomsklubb: sjå s. 19